
Frå: Liv Løvvik
Send: torsdag 14. november 2019 14:31
Til: Olav Mongstad; Olav Birger Andersen; Monika Kvamme; Ketil Tjore
Emne: VS: konkrete framlegg til innsparringar/inntektsauke Austrheim sokn

Fra: Austrheim kyrkje <post.austrheim@kyrkja.no>
Sendt: torsdag 14. november 2019 14:29
Til: Liv Løvvik <liv.lovvik@austrheim.kommune.no>
Emne: konkrete framlegg til innsparringar/inntektsauke Austrheim sokn

Følgjande tiltak kan vurderast for å redusera utgifter/auka inntekter for Austrheim sokn. Opprinneleg budsjett er nøkternt vurdert. Ytterlegare nedskjæringar vil gå ut over naudsynt vedlikehald og er mogeleg men ikkje tilrådeleg.

- Flytta kyrjekontoret til kommunehuset. Dette har vore drøfta tidlegare og både stab og tidlegare sokneråd har vore positiive til eit slik grep. Vi kan likevel ikkje flytta for ein kvar pris. Vi er avhengige av å få tilstrekkeleg med kontor (samla) igjen og ha nok plass til safar og eldre papirarkiv og helst eit møterom. Vi må også ha ei løysing for fjernarkivet vårt, som allereie krev ein del kvadratmeter. Det vi mistar med ei flytting er gode lokale for konfirmantundervisning og større tilstelningar. Dette kan utgjera ei årleg innsparring på ca 100.000 kroner – med ein heilårseffekt.
- Kutta sommarhjelp på gravplassane. Innsparing 35.000 kroner. Konsekvensane av dette vert forringa kvalitet av gravplassane på sommarstid. Det betyr at gravplassane ikkje vert slått så ofte som dei burde.
- Justera festeavgiftene på nytt. Grepet ein då kan gjera er å redusera friperioden frå 25 til 20 år og laga ei flat festeavgift frå første dag ein krev festeavgift. Mogeleg inntektsauke kan utgjera ca 70 – 80.000 kroner.
- Bruka av gjevartenestekontoen til trusopplæringstiltak. Denne bruken bør vera bærekraftig og ikkje øydeleggja for framtidig meirbruk til dette formålet. Mogeleg inntektsauke: 100.000 kroner.